

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Årsmelding 2007



**Sigmund Grønmo,**  
 rektor

### Forskningsuniversitetet

Universitetet i Bergen (UiB) har mål om å vere eit forskings-universitet på internasjonalt nivå. Forskinga er sjølv fundamentet for all verksemd, og fagleg breidde, mangfald og høg kvalitet er grunnsteinane. 2007 var eit godt år for forskning ved UiB.

[Les meir](#)



**Kari Tove Elvbakken**  
 universitetsdirektør

### Innhald

#### UiB 2007

Utdanning: Kvalitetssikring og akkreditering  
 Forskningsuniversitet med stor breidde  
 Synleggjer forskinga i samfunnet  
 Ambisiøse mål og tiltak for likestilling  
 Bygningsmassen blir modernisert  
 Ressursbruk og resultat

#### Fagleg verksemd

Det historisk-filosofiske fakultet  
 Det juridiske fakultet  
 Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet  
 Det medisinske fakultet  
 Det odontologiske fakultet  
 Det psykologiske fakultet  
 Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
 Universitetsbiblioteket  
 Bergen Museum



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Årsmelding 2007



**Sigmund Grønmo,**  
 rektor

### Forskningsuniversitetet



**Kari Tove Elvbakken**  
 universitetsdirektør

Universitetet i Bergen (UiB) har mål om å vere eit forskningsuniversitet på internasjonalt nivå. Forskinga er sjølve fundamentet for all verksemd, og fagleg breidde, mangfald og høg kvalitet er grunnsteinane. 2007 var eit godt år for forskning ved UiB.



Dei tre etablerte sentra for framifrå forskning var alle gjennom ei midtvegsevaluering. Konklusjonen var at sentra har blitt framifrå og blir difor vidareført. UiB fekk dessutan gjennomslag for eit nytt senter for framifrå forskning, Senter for Geobiologi, som tek mål av seg å utvikle ny kunnskap om interaksjon mellom geosfæren og biosfæren, og opphavet til livet.

Særleg gledeleg var det òg å sjå at den målretta satsinga på forskningskvalitet gjev god internasjonal uttjening. Dei geologiske og geovitskapelege fagmiljøa ved UiB blei kåra til det sjette beste forskingsmiljøet i verda innan sit fagområde av Science Watch, og viser at forskarar frå UiB gjer seg sterkt gjeldande i den internasjonale forskingsfronten. Den gode utviklinga syner òg igjen i statistikken for forskingspublisering: Den samla publiseringa ved UiB auka med over seks prosent frå 2006 til 2007 – ein sterk vekst og eit godt samla resultat.

2007 var eit merkeår for ei av hovudsatsingane til UiB - forskarutdanninga. Totalt disputerte 202 kandidatar innanfor doktorgradsprogramma – det høgaste talet nokosinne. Ekstra bra er det at nesten halvparten av desse, 97, var kvinner - ein rekordhøg kvinnedel. Det er òg viktig å merke seg at UiB lukkast med å rekruttere yngre, utanlandske forskarar. Meir enn ein firedel av dei nye doktorane er utanlandske.

Fjoråret vitnar om at arbeidet med å utvikle god forskings- og studiekvalitet ber frukter. Institutt for økonomi blei evaluert av Forskningsrådet og fekk svært gode skulsmål. NOKUT har evaluert og godkjent kvalitetsarbeidet ved UiB, tannlege- og forskarutdanninga ved odontologimiljøet og master- og PhD-studiet i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen,

Strategiplanen til UiB er ambisiøs, og krev vederheftig konsentrasjon om kjerneaktivitetane – forskning, forskarutdanning og forskingsbasert utdanning. I 2007 fekk vi fleire signal om at vi er på rett veg. Verksemda og resultatata i 2007 gir eit godt grunnlag for den vidare utviklinga av Universitetet i Bergen som internasjonalt orientert forskningsuniversitet.


© 2008 Universitetet i Bergen  
 Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43  
 Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av  
 Formidlingsavdelingen

Startside

Arsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Utdanning: Kvalitetssikring og akkreditering

Systemet for kvalitetssikring slår fast at det skal skrivast ei utdanningsmelding for kvart studieår. Den årlege utdanningsmeldinga gir ei samla vurdering av studie-kvaliteten ved institusjonen og oversyn over framtidige tiltak i studiekvalitets-arbeidet. Utdannings-melding for 2006/07 blei behandla i Styret i november 2007. På bakgrunn av innstilling frå Universitetets utdanningsutval vedtok Styret at ein prioriterer å arbeide vidare med:

- vidareutvikling av lærarutdanninga
- iverksetting av tiltak for å styrke etiske verdiar i utdanninga
- betring av romforholda og undervisningsutstyret i lærings-situasjonen
- bachelorutdanninga - studiegjennomføring, profil og kompetanse



(Ufrorming: M Haugen/Formidlingsavdelingen UiB)

### Evaluering og akkreditering ved NOKUT

Hausten 2006 gjennomførte NOKUT ei evaluering av kvalitetssikringssystemet for utdanning ved UiB. Rapporten frå den sakkunnige komiteen vart behandla av NOKUT sitt styre 29.3.2007, som vedtok at "System for kvalitetssikring av utdanninga ved Universitetet i Bergen blir godkjent". Universitetet har seinare gjort greie for korleis det følgjer opp forslag til forbetringar som er foreslått i den sakkunnige komiteen sin rapport.

I 2006 byrja NOKUT også arbeidet med reakkreditering av to master- og ph.d-program ved UiB, i jus og odontologi. I november 2007 godkjente NOKUT odontologistudiet og i januar 2008 rettsstudiet.

### Resultat

Studenttalet har gått ned i 2007, men studiepoeng per student hadde ein auke frå 40,7 i 2006 til 42,6 i 2007. Studiepoeng per kvinneleg student i 2007 tilsvarer 43,1. Strykprosenten gjekk ned med om lag 1 % frå 2005 til 2006, og ytterlegare ned 0,5 % i 2007. Når det gjeld registrert studiegjennomføring i høve til avtalt utdanningsplan for studentane, finn ein ved UiB ei auke frå ein gjennomføringsprosent på 74,7 i 2006 til 80,7 i 2007.

### Studiekvalitetspris

"Ugleprisen" for godt studiekvalitets- og utviklingsarbeid ved Universitetet i Bergen vart i 2007 tildelt Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet og Det juridiske fakultet. Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet mottok prisen for si ordning med tidsfrist på mastergrad, der studentar som vert tekne opp til mastergrad, får ein frist på to år til å fullføre graden sin. For denne ordninga vart fakultetet saman med dei norske søsterfakulteta også tildelt Kunnskapsdepartementet sin utdanningskvalitetspris.

Det juridiske fakultet vart i 2004 tildelt den nasjonale Utdanningskvalitetsprisen på grunnlag av nyutvikla pedagogisk opplegg for masterstudiet i rettsvitenskap.

"Ugleprisen" i 2007 fekk fakultetet for gjennomføringa og resultat målte opp mot det pedagogiske opplegget.

### Studiekvalitetsseminar

Årets studiekvalitetsseminar vart arrangert 22. november, og tema for seminaret var internasjonalisering. Målet med seminaret, som hadde 120 påmelde frå heile UiB, var å gje eit breitt bilete av status og utfordringar omkring internasjonalisering i utdanningstilboda ved UiB.

### *Studentbarometeret*

Tilfredsundersøkinga "Studentbarometeret" er innarbeidd som fast del av kvalitetssikringssystemet. Årets undersøking vart gjennomført i mars-april.

Eit hovudpoeng ved tilfredsundersøkingar er å finne ut om respondentane vert meir eller mindre tilfredse over tid, og om ev. endringar i saksforhold som undersøkinga resulterer i, gir positive utslag i respondentane sine vurderingar. Resultata frå undersøkinga viser at studentane i all hovudsak trivest som studentar ved UiB (89% i 2007 - 85% i 2005). Vi finn også klare indikasjonar på at masterstudentane i aukande grad ynskjer å fullføre på normert tid. I tillegg får vi gode innspel på korleis t. d. arbeidet med studentane sin kunnskap om kjelder i vitenskaplege arbeide og studieutveksling har lukkast, og vidare informasjon om studentane sine motivasjonar for skifte av studieprogram internt på UiB.

### *Anna studiekvalitetsarbeid*

Det har, i tråd med NOKUT sine krav til kriterium for akkreditering, vorte arbeidd innafør universitetspedagogikk og i administrative studiekvalitative einingar med studieplanutvikling, herunder med nye malar for beskriving av læringsutbyte og ny pedagogisk tilnærming til undervisnings- og vurderingsformer.

### *Studieprogram*

Ein revisjon av kriterium for oppretting og nedlegging av studieprogram har vorte handsama i Utdanningsutvalet, og teksten i Kvalitetssikringshandboka er justert i samsvar med dette.

Det medisinsk- odontologiske fakultet vart innvilga oppretting av eit Masterprogram i klinisk ernæring.

Det humanistiske fakultet fikk løyve til å leggje ned Bachelorprogram i Moderne kunst og estetikk og Bachelorprogram i Kulturformidling.

Det samfunnsvitenskaplege fakultet fikk løyve til å leggje ned Bachelorprogram i Visuell kultur.

### *Opptak/Mottak*

UiB sin handlingsplan for studentrekruttering blei fylgt opp i 2007. Det blei og utvikla ny handlingsplan for 2008. UiB var til stades på 6 utdanningsmesser i 2007, og vitja ca. 200 vidaregåande skular og folkehøgskular i Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Oslo, Akershus og Østfold. Informasjon om studietilbodet vart presentert i brosjyrer og foldarar, og ei vidare utvikling av web-informasjon ble prioritert mellom anna med introduksjon av ein blogg for potensielle studentar. Det vart lyst ut 3671 studieplassar ved UiB gjennom Samordna opptak. Totalt var det 7467 søkjarar som hadde Universitetet i Bergen som sitt fyrsteval ved hovudopptaket av norske studentar til lågare grad hausten 2007. Ein reduksjon frå 7760 på same tid i 2006.

Hausten 2007 var det registrert 14468 ordinære studentar ved Universitetet i Bergen, ein nedgang på vel 800 fra hausten 2006. Nedgangen er noko større enn forventa og skuldast truleg mellom anna utfasing av det gamle hovedfaget, auka kandidatproduksjon og lågare opptakstall på bachelor- og masterprogram.

Alle dei nye internasjonale studentane våren og hausten 2007 fekk tilbod om å delta på ei introduksjonsveke. Norske og internasjonale nye studentar fekk og eit samla mottak i Grieghallen og på fakulteta. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbod om deltaking i faddergrupper. 72% av dei nye norske og 54% av dei nye utanlandske studentane deltok på fadderarrangement.

### *Timeplanlegging og rombestilling*

Frå 2007 har òg den kliniske delen av medisinstudiet tatt i bruk elektronisk timeplanlegging. Vidare arbeider ein stadig for å betra informasjon for kalender på nettet, særleg gjeld dette for intranettet for studentar, *Mi Side*.

### *Studentsørvis*

Talet på studentekspedisjonar har som venta gått ned frå 27.000 i 2006 til 21.000 i 2007. Talet på studentar som er innom Studentekspedisjonen vil venteleg stabilisere seg framover. Arbeidet med integrering av avdelinga sine tenester til ulike studentgrupper er fylgt opp i 2007. Målet om å profesjonalisere førstelinetenesta og å auke kvaliteten på avdelinga sine rettleiingstenester til dei ulike studentgruppene er langt på veg nådd. Informasjonssenteret ved Utdanningsavdelinga vert utvikla vidare i 2008.

Utdanningsavdelinga er fortsett sterkt representert i fleire nasjonale fora som vurderer tiltak for å betre læringsmiljøet for studentar med nedsett funksjonsevne. Det nasjonale arbeidet for å sikre studentar med synshemming tilgang til studielitteratur vart vidareført i 2007, og utstyr er under testing. Utdanningsavdelinga arbeider og for å leggje til rette intranettet for studentar for synshemma. Vidare er omgrepet "Universell utforming" sett på dagsorden, og Utdanningsavdelinga har arrangert fleire vellukka samlingar om tema som studiar og undervisning, og bygningar og uteareal, og vil fylgje dette arbeidet opp i 2008.

Ein serie temamøte med fokus på universell utforming ved UiB er planlagde og vert gjennomførte i samarbeid med Læringsmiljøutvalet. Det første møtet vart arrangert i desember 2007, og fleire møte vert haldne i 2008. For å nå målet om at utdanning skal vere tilgjengeleg for alle, må tilbod og tenester for alle studentar utviklast etter prinsipp om universell utforming.

Sørviserklæringa for Universitetet i Bergen har vorte revidert. Erklæringa er eit oversyn over tilbod, tenester og hjelp som universitetet forpliktar seg til å gi ein student, og kva universitetet forventar seg av studenten med omsyn til studieåttferd og innsats. Erklæringa samsvarar med [pålegg og retningslinjer frå styresmaktene](#).

#### *IKT-støtte*

Avdelinga har sluttført LMS-prosjektet i 2007. Prosjektet utvida intranettet for studentar "Mi side" til å omfatte fleire funksjonar knytte til pedagogisk læringsstøtte. Prosjektet har mellom anna lagt til rette for betre funksjonalitet for kommentering av tekst, innlevering og lagring av elektroniske oppgåver, og for betre integrasjon mot elektroniske bibliotekressursar for studentar. Mi side inneheld no dei viktigaste basisfunksjonane for eit læringsstøttesystem.

#### *Standardisering og effektivisering av studieadministrative rutinar*

Avdelinga har fullført arbeidet med ei heilskapleg synleggjering av integrasjonen mellom dei systema avdelinga forvaltar, både når det gjeld kurstilbod, brukardokumentasjon og brukarstøtte . (Sjå: <https://wikihost.uib.no/uawiki>)

#### *Felles Studentsystem*

Utdanningsavdelinga har i 2007 halde fram med å ha eit særleg fokus på kvalitetssikring av rutinar for registrering av data i Felles Studentsystem (FS). Avdelinga var elles sentral i gjennomføringa av det nasjonale seminaret om forskarutdanning og FS som vart arrangert i Bergen i mai, der mellom anna framdriftsrapportering på web for doktorgradskandidatar var eit viktig tema. Hausten 2007 vart den nye versjonen av registreringssystemet for studentar, Studentweb, teken i bruk ved UiB.

#### *Internasjonal studentmobilitet*

Avdelinga arbeida med innføringa av det nye EU-programmet for livslang læring i 2007. Det vart også lagt ned eit stort arbeid med å førebu ein ny treårsperiode i Kvoteordninga, særleg i samband med UiB sin søknad om kvoteplassar for den nye perioden. Ei rekke nye utvekslingsavtalar for inn- og utreisande studentar vart etablert.

Talet på utreisande studentar gjennom utvekslingsavtalar og program auka frå 2006 til 2007, medan talet på innreisande studentar gjekk litt ned. Arbeidet med å utvikle og betre rutinar og reglement for administrering av studentmobilitet og tenestenivået for studentar fortsatte i 2007. Eit nytt arbeid for å førebu rutinar for oppretting og drift av internasjonale fellesgradar vart igangsatt.

Utdanningsavdelinga har arrangert ei rekkje møter for internasjonale kontaktpersonar på fakultet og institutt om aktuelle tema innanfor internasjonalisering og studentmobilitet. Eit nytt administrativt Forum for internasjonal studentmobilitet er etablert, med representantar frå alle fakultet. Avdelinga har også deltatt aktivt på internasjonale møter, seminar og konferansar.

#### *Samarbeid internasjonalt*

Universitetet i Bergen innleia i juni 2006 eit samarbeid med Århus universitet, K.U. Leuven, Turun yliopisto, Göteborg universitet og Carl August Universitat i Kiel om å studere og jamføre disse universiteta sine internasjonale mastergrader.

Universitetet i Bergen hadde i samarbeid med Universitetet i Groningen hovedansvaret for symposiet "Lifelong Learning and Accreditation of Prior Learning".

Utdanningsavdelinga deltek i WUN si arbeidsgruppe om studiekvalitet og i Coimbra-gruppa si ETM (Education, Training, Mobility) taskforce.

#### **Prosjekt**

##### *Utdanning i Bergen*

Utdanningsavdelinga har i 2007 samarbeidd tett med nettverket Utdanning i Bergen, saman med representantar frå utdanningsinstitusjonane, næringslivet, Bergen kommune og fylkeskommunen, både gjennom medlemsskap i styringsgruppe, arbeidsgruppe og ulike prosjektgrupper. Nettverket arbeider for å betre Bergen som kunnskapsby og for å rekruttere fleire studentar til byen.

##### *Nyskapingskompetanse*

Utdanningsavdelinga har teke aktivt del i etableringa av prosjektet Nyskapingskompetanse som er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen (UiB), Høgskolen i Bergen (HiB) og Noregs Handelshøgskole (NHH), for gjennom utvikling og samordning av utdanningstilbod, og tilbod om støtte til studentbedrifter, bidra til å utdanne fleire entreprenørar i Bergensregionen og å få til innovasjon i eksisterande verksemder.

Prosjektet TeknoVest blei vidareført i 2007. TeknoVest er eit samarbeidsprosjekt mellom UiB, HiB, Høgskolen i Sogn og Fjordane (HSF), Sjøkrigsskolen, Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) og Høgskolen i Ålesund (HiÅ), Universitetet i Stavanger (UiS) og Høgskolen i Molde (HiM) Målet for prosjektet er mellom anna å bidra til å styrke regionen med høgt kvalifisert arbeidskraft innan teknologiske fag. Utdanningsavdelinga har leia eit underprosjekt for å rekruttere fleire studentar til dei teknologiske utdanningane ved samarbeidsinstitusjonane. I underprosjektet blei det gjennomført fleire nye informasjonstiltak i 2007.



© 2008 Universitetet i Bergen  
Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43  
Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av  
Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Forskningsuniversitet med stor breidde

Universitetet i Bergen er eit forskingsuniversitet med fagleg breidde og nært samband mellom forskning og utdanning. Ei hovudutfordring er å sikre og utvikle eit nært tilhøve mellom forskning og utdanning på alle nivå, med særleg satsing på forskarutdanning.

Universitetet sine hovudsatsingar, marin forskning og utviklingsforskning, ligg fast. Det same gjeld satsinga på område som i universitetet sine strategiplanar er omtala som særleg viktige for institusjonen og institusjonen sin profil, såkalla strategiske forskingssatsingar.

Innanfor den marine satsinga er UiB tildelt eit nytt Senter for framifrå forskning, Senter for geobiologi. Senteret skal utvikle ny kunnskap om interaksjon mellom geosfæren og biosfæren og opphavet til liv. Senteret vil studere prosessar i djuphavet og i bergartane under havbotnen. Senteret samarbeider internasjonalt med mellom andre University of Washington, ETH Zurich og University of Lisboa.



(Foto: Paul-Erik Rosenbaum.)

### (link) Satsing på doktorgradsprogramma

Totalt disputerte 202 kandidatar innanfor universitetet sine doktorgradsprogram i 2007. Dette er ein sterk auke frå 2006 og det høgaste talet nokon gong ved UiB. 97 av de nye doktorane er kvinner, ein rekordhøg kvinneandel. I 2007 vart det lagt vekt på å betre utnyttinga av stipendiatstillingane, og 367 av stipendiatstillingane som var finansierte gjennom universitetet sine grunnløyvingar, var fylt dette året. I det langsiktige rekrutteringsarbeidet er det ei særleg utfordring å sikre rekruttering av kvinner i toppstillingar.

Hausten 2007 var det tilsett 590 årsverk i stipendiatstillingar, mot 548 i 2006. Av desse var 367 finansierte gjennom universitetet sin eigen budsjettamme, medan 161 var finansierte via Forskningsrådet og 62 via andre finansieringskjelder. I løpet av 2007 blei det inngått 218 nye doktorgradsavtaler ved Universitetet i Bergen, 102 av desse var kvinner.

Hausten 2007 var det registrert 1202 personar i universitetet sine doktorgradsprogram, mot 1135 hausten 2006. Av desse var 443 finansierte frå UiB, 281 av Forskningsrådet, medan 478 var finansierte av andre. Det totale talet på doktorgradsavtalar inkluderer også kandidatar frå andre institusjonar som UiB har eit rettleingsansvar for.

Det er ein sentral målsetting å betre gjennomstrøyminga i doktorgradsprogramma. I 2007 er det utarbeidd egne rutinar for registrering i FS. Dette skal betre datakvaliteten på området samanlikna med tidlegare år. Korrigerert for årsverk brukt på permisjonar, pliktarbeid, spesialistutdanning og ordinær undervisning, brukte doktorgradskandidatane i snitt 3,9 år før disputas. Samanlikna med 2006 er den samla gjennomstrøyminga blitt betre.

### (link) Auke i studiepoeng per student

Hausten 2007 var det registrert 14 491 ordinære studentar ved Universitetet i Bergen, ein nedgang på vel 850 frå hausten 2006. Nedgangen kjem av auka gjennomstrøyming, avkorting av studietida på lågare grad med eitt år gjennom omlegging til 3-årige bachelorprogram, og utfasing av det gamle hovudfaget. I tillegg var det i 2007 lågare opptakstal både på bachelor- og masterprogramma.

Avlagte studiepoeng per student auka frå 42,4 i 2006 til 43,2 2007. Nedgang i studenttall frå 2006 til 2007 gjev likevel ein nedgang i totalt avlagte studiepoeng i 2007. Totalt blei det avlagt studiepoeng tilsvarande 10 326 årseiningar i 2007.

Målsettinga om at kvar student i gjennomsnitt skal avlegge 42,3 studiepoeng per år er oppnådd med god margin i 2007. Nedgang i gjennomsnittleg studenttal frå 2006 til 2007 gjer likevel at målsettinga knytt til total mengde studiepoeng ikkje vart nådd i 2007. Antallet kandidatar auka både innanfor bachelor- og mastergradsutdanninga. Fleire års arbeid for betre gjennomstrøyming på høgare grad har gjeve resultat. Ein god del av auken må likevel tilskrivas at våren 2007 var siste sjanse til å avlegge eksamen etter gammal ordning.

#### **(link) Vidareføring av Senter for framifrå forskning**

Dei tre første sentera for framifrå forskning blir vidareførte etter midtvegevalueringa i 2007. Tre av universitetet sine unge forskarar har fått midlar gjennom Forskningsrådet si ordning for Yngre framifrå forskarar (YFF).

Forskingsmiljø ved UiB fekk midlar til eit Nordic Center of Excellence i ernæring med sjømat som tema. Senteret har samarbeidspartnarar i Norden, i instituttsektoren og næringslivet. Universitetet samarbeider vidare med CMR om SFI i instrumentering.

Tverrfaglege forskingsgrupper og prosjekt og tverrfagleg samarbeid er viktig for å oppnå ekstern forskingsfinansiering. Tverrfagleg forskning har ein viktig plass i samarbeidet med forskingsinstitusjonar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Tverrfagleg samarbeid er særleg viktig i etablering og drift av forskarskular.

Totalt disputerte 202 kandidatar innanfor universitetet sine doktorgradsprogram i 2007. Dette er ein sterk auke frå 2006 og det høgaste talet nokon gong ved UiB. 97 av dei nye doktorane er kvinner, ein rekordhøg kvinneandel. I 2007 blei det lagt vekt på å betre utnyttinga av stipendiatstillingane, og 367 av stipendiatstillingane som var finansierte gjennom universitetet sine grunnløyvingar, var fylt dette året. I det langsiktige rekrutteringsarbeidet er det ei særleg utfordring å sikre rekruttering av kvinner i toppstillingar.

#### **(link) Aktiv internasjonalisering**

Fleire fagmiljø ved UiB er i ferd med å utvikle nye felles mastergradsprogram med partnaruniversitet i utlandet. I 2007 blei to konsortium der UiB deltek tildelt Erasmus Mundus-status. Vidare blei to søknader med UiB som deltar tildelt økonomisk støtte frå Nordisk Råd til utvikling av nordiske masterprogram der det eine er koordinert ved UiB. Arbeidet med å vidareutvikle og beskrive framgangsmåtar og rutinar for utvikling, etablering og drift av fellesgrader er starta i 2007.

Etter initiativ frå fagmiljø ved UiB er det etablert nye utvekslingsavtalar i og utanfor Europa. Det nye Erasmusprogrammet innanfor EU sitt program for livslang læring er følgt opp, og porteføljen av Erasmusavtalar er gjennomgått og fornya. Universitetet starta i 2007 ei kartlegging av kva fagmiljø som kan nyttiggjere seg av den nye Erasmus-aktiviteten for praksisopphald for studentar i bedrift eller organisasjon i utlandet. Økonomiske midlar for å stimulere til mobilitet mellom tilsette er lyst ut internt.

I samband med UiB sin søknad om kvoteplassar for perioden 2008-2011, blei bruken av kvoteordninga gjennomgått og vidareutvikla strategisk. Kvoteordninga blir sett i samanheng med internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid og nytta i tilknytning til andre nasjonale og internasjonale program. Studentane blir rekrutterte gjennom aktivt fagleg samarbeid med avtaleinstitusjonar i aktuelle land.

UiB har vore ein pådrivar i etableringa av Southern African Nordic Centre (SANORD) for multilateral akademisk samarbeid innanfor forskning og utdanning mellom Norden og det sørlege Afrika. Universitetet medverka sterkt i utviklinga og leiinga av senteret, etableringa av ein nettportal for SANORD og planlegginga av den første SANORD-konferansen i Cape Town i desember 2007.

Internasjonale studentar får tilbod om eit breitt og relevant emneutval på engelsk. Tilbodet omfattar om lag 400 enkeltemne og 40 masterprogram.

Totalt var det 1204 inn- og utreisande studentar i 2007, mot 1200 i 2006. Talet på utreisande studentar har auka, men det har vore nedgang i innreisande studentar.

#### **(link) Viktig kartlegging og verning**

I løpet av 2007 blei det gjort ei kartlegging av alle samlingar i magasin og utstillingar. Både dei fysiske tilhøva (sikring og bevaring) og bevaringstilhøve for sjølve samlingane (gjenstandar/objekt) blei vurdert. Det blei også anslått konserveringsbehov og andel av samlingar som er digitalisert. Eit stort prosjekt har vore gjennomført i Kvalsalen som no framstår med nytt elektrisk anlegg, solskjerming på alle vindauge, nymåla golv og veggar. I tillegg er det gjort eit stort arbeid med systematisering og oppdatering av objekta og ny namnsetting på norsk, latin og engelsk.

Alt middelaldermateriale er registrert og flytta til nytt kompaktmagasin ved Bryggens Museum. I løpet av året er det meste av dei geologiske samlingane som ikkje er utstilt, flytta frå Museplass 3 til nye magasinlokale (Solhaug). Delar av målerisamlinga (Katharine Kølle-samlinga) blei digitalisert og restaurert ved hjelp av innleigd teknisk konservator. Det blei også leigd inn teknisk konservator



til arbeid med gamle foto. Arbeidet med innreiing av tilfluktsrom i Realfagbygget til magasin starta opp hausten 2007. Arbeid med tilrettelegging for lagring av sprit og transittlager for objekt på sprit i Museplass 3 starta opp hausten 2007. Arbeidet blir utført i tett samarbeid med Bergen brannvesen.

Universitetsbiblioteket sine spesialsamlingar inneheld mykje til dels svært verdfullt materiale. Dette gjeld spesielt Billedsamlinga og spesialsamlingane ved Bibliotek for humaniora. På grunnlag av tjuveri som blei oppdaga sommaren 2007 er arbeidet med betre sikring av desse samlingane prioritert.

**(link) Kvalitetsutvikling av utdanningstilboda**

Kvalitetssikringssystemet ved UiB blei vurdert av NOKUT i 2007. Evalueringa viser at kvalitetssikringssystemet ved UiB er velutvikla og godt forankra i fagmiljøa. Anbefalingane frå NOKUT vil vere førande i det vidare arbeidet med kvalitetssikring av utdanninga.

Tilfredsundersøkinga "Studentbarometeret" er del av kvalitetssikringssystemet. Eitt av funna frå undersøkinga i 2007 er eit sterkare ønske hos masterstudentane om å avslutte



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Synleggjer forskinga i samfunnet

**Formidlingsavdelinga arbeider med å legge til rette for formidling av forskning og nyhende både på web, gjennom massemedia og gjennom særskilte arrangement i løpet av året.**

Det er eit klart mål for Universitetet i Bergen at våre forskingsresultat skal synleggjerast for omverda på ei god måte. Vi arbeider målretta med dette i alle deler av verksemda. Det viktigaste formidlingsarbeidet gjer forskarane sjølve, ved aktivt å synleggjera forskinga si i ulike kanalar, og delta i forskingsdebatten. I løpet av 2007 har fakulteta utarbeida handlingsplanar for formidling, og Formidlingsavdelinga støttar opp under formidlingsarbeidet med ei lang rekkje tiltak.

### Tilrettelegging for forskingsformidling i media

I 2007 har medierådsseksjonen satssa særleg på mediekurs og debatt- og kronikkseminar for kvinnelege forskarar. Dette har vore eit populært tilbod, med god deltaking. Avdelinga har også vidareført medietreningskursa "Ekspert på TV", kopla til TV2s og NRKs nyhendesatsingar. Stadig fleire forskarar ved UiB nyttar seg av dei ulike tilboda for å auke kompetansen på mediekontakt og kommunikasjon til eit ålment publikum.

Seksjonen har opparbeidd og held ved like eit omfattande nettverk av journalistar i lokale, regionale og nasjonale media, og skapar arenaer for møte og kunnskapsutveksling mellom forskarar ved UiB og desse redaksjonane. Avdelinga sender også ut nyhendebrev til utvalde journalistar kvar veke, og pressemeldingar ved doktordisputas og andre viktige hendingar.

### Formidlingsarrangement overfor barn og unge

Ei viktig målgruppe for formidlingsarbeidet ved Universitetet i Bergen er barn og ungdom. Også i 2007 var vi vertskap for *Forskningsdagene i Bergen*. Her deltok fagmiljø i eit breitt spekter av tverrfaglege arrangement rundt om i byen. Arrangementet hadde god deltaking og mediedekning både i lokale og riksdekkande kanalar.

Prosjektarbeidet i *Holbergprisen i skolen* er blitt ein tradisjon i arbeidet med å skape forståing og engasjement hos ungdom for faga juss, teologi, humaniora og samfunnsfag. På det naturvitenskaplege feltet har *VILVITE* (Bergen vitensenter) blitt ein ny formidlingskanal i 2007. Universitetet er medeigar i dette nye opplevingssenteret og deltek aktivt i forskingsformidlinga der, både ved utvikling av installasjonar og populærvitenskaplege foredrag.

### Eigne tekst- og tv-produksjonar

*På Høyden* er universitetet sitt nyhende- og debattorgan, og tek opp tema som er relevante for arbeidsmiljø, universitets- og forskingspolitikk. Formidlingsavdelinga har redaktøransvar for *På Høyden*, og legg dagleg ut internnyhende her, i tillegg til å produsere eksterntnyhende på nettsidene og på *Forskning.no*.

Forskingsmagasinet *Hubro* gir ut fire årlege temanummer. *Hubro* blir distribuert til alle tilsette ved UiB, men også til rundt 5000 eksterne mottakarar. Talet er aukande og inkluderar mellom anna folkevalde lokalt og nasjonalt, skular, bibliotek, møteplassar og lokale og nasjonale medium. Tema i 2007 har vore *Polaråret* og *nordområda*, *Globale utfordringer*, *Ny tid for etikken* og *Fremtidens energivalg*.



*Klimaforsker Helge Drange, Forskningsdagene 2007.  
 (Foto: Paul Sigve Amundsen .)*

I magasinet *Features* er vitenskaplege høgdepunkt og viktige UiB-fakta presentert på engelsk for ei brei utanlandsk målgruppe. Årsmeldinga for UiB er gjort tilgjengeleg på nett, i tillegg til at det er gjeve ut ei trykksak i kortform.

TV-eininga Univisjon har i 2007 sett i gang arbeid med fleire vitkapsbaserte programproduksjonar, både for visning på riksdekkande tv-kanalar og på web på nettstaden Forskning.no. Univisjon har særleg arbeidd med tema innan miljø og klima (Polaråret), bistand og utvikling og psykisk helse. Univisjon har også produsert fleire produksjonar for eksterne oppdragsgjevarar innan kultur og pedagogikk. Fleire av Univisjons tidlegare produksjonar vart i 2007 vist på Kunnskapskanalen, NRK.

#### **Visuell profilering og nettsider**

UiB skal vera ei moderne kunnskaps- og kommunikasjonsverksemd, og ein brukarvennleg og framtidssretta eksternweb er ein viktig reiskap for fagmiljøa i deira formidlingsarbeid. I 2007 gjorde prosjektet "Ny eksternweb UiB" eit omfattande kartleggings- og grunnarbeid fram mot ein demonstrasjonsversjon på ny web ved slutten av året. Den nye webben vert utvikla i tett dialog mellom prosjektgruppa og fagmiljøa ved universitetet.

Seksjon for profil og design ved Formidlingsavdelinga har òg vore tungt involvert i den visuelle utforminga av UiBs nye eksternweb. Totalt har seksjonen i 2007 hatt om lag 140 oppdrag for ulike einingar ved universitetet. Ei av våre største oppgåver har vore å lage eit nytt design til alt UiB sitt materiell for studentrekruttering. Eit anna prosjekt er komplett grafisk profil og websider for "Bergen Summer Research School/Global Development Challenges".

Universitetet legg vekt på miljøleiing i verksemda. Profil- og designseksjonen bestiller mange trykksaker, og har i samarbeid med innkjøpsavdelinga laga rutinar for kvalitetssikring og miljømerking av våre produksjonar. I løpet av året blei vår hovudleverandør av trykkeritjenester sertifisert som svanemerka bedrift.

Fototenesta har òg gjort eit stort løft i løpet av året. Vi har oppgradert det omfattande digitale fotoarkivet, med ei ny serverløysing som har ei lagringskapasitet på inntil 100 000 bilete. Tilgangen til, og bruken av, arkivet er no mykje enklare og betre.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Ambisiøse mål og tiltak for likestilling

Universitetet i Bergen har som mål å bli eit føregangsuniversitet gjennom arbeidet for likestilling og god kjønnsbalanse på alle nivå i organisasjonen. Likestilling er eitt av fire satsingsområde ved UiB, og er forankra i universitetet sin visjon om å bli eit internasjonalt synleg forskingsuniversitet.

I 2007 blei det utført 2767 ordinære årsverk ved UiB, 49 prosent av desse vart utført av kvinner. Den prosentvise fordelinga varierer frå 29 prosent innan drift og vedlikehald til 38 prosent innan undervisning, forskning og formidling og 73 prosent innan administrasjon. Kvart år utarbeider UiB ein

likestillingsstatistikk med fokus på kjønnsbalansen både i vitenskaplege og teknisk-administrative stillingar.

Universitetsstyret vedtok i februar 2007 *Handlingsplan for betre kjønnsbalanse ved UiB 2007 -09*. Sjølv om den nye planen inneheld tiltak for alle grupper av tilsette, er hovudutfordringa auka rekruttering av kvinner til faste vitenskaplege toppstillingar både innanfor undervisning, forskning og faglege leiarstillingar. Målet er at kvinner skal utgjera 50 prosent av alle nyttilsette i vitenskaplege stillingar innan 2009. For å nå dette målet er det sett av midlar både sentralt og på fakulteta, og det er i tillegg til den sentrale handlingsplanen utarbeidd fakultetsvise tiltaksplanar med forankring i fagmiljøa. Tiltaka kan vere både individretta og miljøretta, og eksempel på verkemiddel er insentivmidlar til fagmiljøa ved tilsetjing av kvinner i vitenskaplege stillingar, kvalifiseringsstipend eller ekstra forskingstermin til kvinnelege forskarar, mentorordningar, likestillingsfokuser utvikling, nettverksbygging og informasjon.

Likestillingsstatistikken for 2007 viser god kjønnsbalanse i rekrutteringsstillingane, og for førsteamanuensane er målet om minst 50 prosent kvinner mellom dei nyttilsette oppnådd både for 2006 og 2007. Resultata når det gjeld professor- og professor II-stillingar er derimot ikkje gode nok, det same gjeld faglege leiarstillingar, og tiltak for å rekruttere kvinner til desse stillingsgruppene skal derfor ha høgste prioritet i planperioden.

Samstundes blir det arbeid med å integrere likestillingstiltak for studentane i sentrale strategiske dokument som handlar om studiekvalitet og -miljø. UiB skal også arbeide mot andre typar av diskriminering ved universitetet både som arbeids- og studieplass, og har sett ned ei arbeidsgruppe som innan årsskiftet skal komme med framlegg om ei meir heilskapleg organisering av likestillings- og antidiskrimineringsarbeidet ved universitetet.



(Uforming: M Haugen/Formidlingsavdelingen UiB)



Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Bygningsmassen blir modernisert

**Universitetet i Bergen er eigar av ein omfattande bygningsmasse som stadig blir oppgradert og endra for å møte nye behov.**

Nygårdsgaten 1b er bygd om. To etasjar i bygget er tilrettelagt med kontorlokale og øvingsrom for kor og orkester. Areala blir disponerte av Kulturstyret som fordeler kontorplassar og øvingstider til godkjende studentorganisasjonar. Studentane tok lokala i bruk i februar 2007.



(Foto:Elin Styve.)

Sydneshaugen 4-8-12-14 er bygde om til bustader for gjesteforskarar. 4

trehus med byggeår ca. 1880 er omgjort til moderne bustader med bergensk sjarm. Til saman 15 utleigeeiningar fordelt på hyblar, hybelleilegheiter og familieileigheiter vart tekne i bruk som utleigebustader for gjesteforskarane i 2007.

I prosjektet er det lagt vekt på å ta vare på den historiske eigenarten til husrekka og kvart enkelt hus. Dette er teke i vare ved tilbakeføring av fasadar, restaurering og remontering av gamle balkongar og bevaring av gamle bygningsdetaljar som takrosetter, dører og trapper.

Som ein del av samlokaliseringa av Institutt for biologi er det etablert nye undervisningsrom og kontor i HIB, mellombygget på Marineholmen. Det er bygd nye dekke i areal der det tidlegare berre var ope rom. Prosjektet vart ferdigstilt og teke i bruk hausten 2007.

"Prosjektkontoret for eksternt finansierte bygg" vart oppretta i 2007. Kontoret skal ta hand om større byggeprosjekt som blir finansierte av eigedomsselskapa NEAS, UIBAS og Magør AS.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen - Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av

Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Ressursbruk og resultat

Løn og realkapital utgjer 2/3 av universitetet sine kostnader. UiB har dei siste åra systematisk arbeidd for å styrke grunneiningane. Dette har ført til betre organisering av forskings- og undervisningsressursane og medverkar no, saman med andre tiltak, til gode resultat på fleire område: Auka eksterne inntekter, eit nytt senter for framifrå forskning, betre gjennomstrøyming, fleire doktorgrader og betre utnytting av stipendiatstillingane.



(Foto: istockphoto.)

Ved inngangen til 2008 var så godt som alle øyremerkte stipendiatstillingar fylt opp. UiB sine interne økonomiske incentivmodellar verkar i same retning som departementet sine, men med ein tilpassa verknad for miljøa og til UiB sine egne mål. Dette gjeld til dømes tilsetingar av kvinner i vitskapelege stillingar. I 2007 blei arbeidet med ein ny modell for inntektsfordeling i eit eige utval sett i gong.

Ved utgangen av 2007 er prosessen for samanslåinga av Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet slutført.

UiB held fram med sitt arbeid for å sikre miljøa bygningsmessig og utstyrmessig infrastruktur. Dette gjeld dels ved å øve påtrykk mot bevilgande styresmakter for å auke framdrifta for nytt odontologibyg, men også gjennom å utnytte dei moglegheitene som ligg i UiB sitt eige budsjett. Det er i 2007 gjennomført fleire rehabiliteringar og det blir arbeidd systematisk for å betre tilhøva for realfaga og utviklingsforskninga. Gjennom eit aktivt samarbeid med Helse Bergen prøver ein å kontinuerlig forbetre infrastrukturen for dei medisinske miljøa.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det humanistiske fakultet

### Fakultetet er stolte av sine unge, kvinnelege forskingsleiarar og nye tverrfaglege studieprogram.

Det humanistiske fakultetet gler seg over at stadig fleire kvinnelege forskarar kvalifiserer seg til prosjekt og løyvingar på nasjonalt og internasjonalt nivå. I løpet av 2007 har tre kvinnelege forskingsleiarar, gjennom sine eksterntfinansierte prosjekt, skaffa over 27 millionar kroner som vil verte nytta til ny forskning ved fakultetet dei komande åra. Alle prosjekta er med på å etablere gode internasjonale nettverk innanfor desse forskarane sine fagfelt. Ved at stadig fleire kvinner ved fakultetet kvalifiserer seg for større prosjekt og løyvingar, er dei òg med på å etablere seg som gode rollemodellar som bygger opp omkring likestillingsarbeidet ved universitetet.



Tre kvinnelege forskingsleiarar ved Det humanistiske fakultet som har fått god utteljing på prosjektsøknadene sine. Frå venstre: Jóhanna Barðdal (LLE), Kari Tennfjord (LLE), og Ingunn Lunde (IF). Til saman har desse leiarane generert over 27 millionar kroner til sine forskingsprosjekt dei komande åra. (Foto: Asbjørn Engevik jr.)

#### Norskopplæring for innvandrarar

Professor Kari Tenfjord (LLE) har fått over 9 millionar kroner i støtte over fire år til sitt prosjekt: "ASKeladden: Morsmålstransfer i norsk innlærerspråk". Norskopplæring for framandspråklege er eit brennbart tema, og med desse midlane skal Kari Tenfjord finne ut korleis morsmålet påverkar innlæringa av norsk hjå innvandrarar. Dette skal forskarane gjere ved å ta i bruk det nye forskingsverktøyet ASK som er ein elektronisk database som inneheld tekstar skrivne av innvandrarar med ulike morsmål. Prosjektet skal utvikle teori og metode til bruk i andrespråkforskinga og har derfor stor relevans for norskopplæringa som også er eit viktig spørsmål i integreringsdebatten. Resultata frå dette prosjektet vil gi viktige peikepinnar på korleis norskopplæring bør skje i praksis. ASKeladden er difor eit prosjekt som heilt klart vil vera med på å bygge bruer mellom forskingsmiljøa og dei som styrer både politisk og innafør embetsverket.

#### Russiske språktrender

Ved Institutt for framandspråk har professor Ingunn Lunde (IF) fått tildelt 12 millionar kroner frå Forskingsrådet i støtte til sitt prosjekt: "The future of Russian: Language Culture in the Era of New Technology". Desse midlane gjer det mogleg å fortsette studiane av språkutviklinga i Russland. Nettkultur og datasjargong blomstrar også i dette landet og utfordrar på denne måten både standardspråket og tradisjonelle kommunikasjonsformer. Løyvinga frå Forskingsrådet gjer det mogleg å lyse ut nye post.doc- og PhD-stillingar, samt skrivestipend for masterstudentar. På denne måten vil ein bygge opp ei forskargruppe der rekruttering og internasjonalisering går hand i hand. Lunde sitt prosjekt på russisk språkutvikling vil også vere interessant for studium av russisk politikk og samfunnsliv, og ikkje minst vere viktig gjennom nettverksbygging og internasjonale konferansar innan Russlandsstudium.

#### Indo-europeisk

Gledeleg er det at også språkforskaren Jóhanna Barðdal og UiB/HF (LLE) har fått 12,3 millionar kroner i forskingsmidlar frå Bergen Forskningsstiftelse. Barðdal skal sjå på utviklinga av kasus og argumentstruktur i dei indo-europeiske språka. Prosjektet kjem i gang sommaren 2008 og inkluderer ein post.doc i sanskrit og to stipendiatstillingar, den eine i klassiske språk og den andre i russisk. Barðdal søkte også i 2007 om midlar frå ERC – The European Research Council – og var blant 550 søkjarar, dvs. 6 prosent, av 9200 som kom vidare til finalen. Det var berre fem norske søkjarar som kom så langt, og berre ein som fekk midlar. I det å koma med i finalen ligg ei erkjenning av Barðdal som ein av dei fremste unge forskarane i Europa. Barðdal kjem til å søkja igjen inneverande år, og reknar med å senda inn ein søknad på 2 millionar Euro. Ei slik løyving skulle gjera det mogleg å tilsetja tre til fire personar til, og dermed bygge opp eit sterkt norsk senter for både historisk lingvistikk og indo-europeisk lingvistikk her i Bergen.

## Nytt masterprogram i region og regionalisering

Strategisk plan for UiB har klare mål om å utvikle tverr- og fleirfaglege prosjekt. Det nyutvikla masterprogrammet 'Region og regionalisering' er eit slikt tverrfakultært satsingsområde. Satsinga har eit vidt nedslagsfelt ved ei rad forskingsmiljø både ved UiB og samarbeidande institusjonar. Studietilbodet gir ein kombinasjonen av fagleg tyngde, tverrfagleg samarbeid og aktuell samfunnsrelevans.



*Hausten 2007 starta UiB opp eit tverrfakultært studium i region og regionalisering. Studiet er administrativt forankra ved Det humanistiske fakultet. Leiari for prosjektet er Nils Kolle (AHKR), mens Randi Barndon (AHKR) for tida er konstituert i mellomstilling. Begge forskarane har stor tru på utdanningstilbodet som er noko heilt nytt og banebrytande også i nasjonal samanheng (foto: Asbjørn Engevik jr.)*

Masterprogrammet tilbyr ein forskingsretta og ein arbeidslivsretta mastergrad. Hovudmål er å bidra til å utdanne forskarar med eit tverrfagleg perspektiv på region og regionalisering. Samtidig vil ein med programmet søke å møte eit stadig aukande behov for kompetanse i offentleg forvaltning, hos planleggarar og i næringslivet, eit behov som kjem av ei samfunnsutvikling i retning av sterkare regionar. Programmet tilbyr ei tverrfagleg innføring i Region og

regionalisering med påfølgande spesialisering eller fordjuping innan eitt av dei tre hovudområda: Natur og landskap, kultur og historie, samfunn og politikk.

I 2007 blei det teke opp 11 masterstudentar ved programmet, og tre stipendiatar er i dag direkte knytte til programmet. Det er også lyst ut ei post.doc-stilling. I tillegg til desse vil andre stipendiatar og forskarar ved dei samarbeidande fakulteta medverke. Det har vore organisert seminar med bidrag frå både seniorforskarar og yngre forskarar heimehøyrande til ulike institutt ved alle dei samarbeidande fakulteta, og programmet har fått si eiga nettside. Programmet er eit samarbeid mellom Det humanistiske fakultet, Det samfunnsvitskapelege fakultet, Det juridiske fakultet og Det matematisk-naturvitskapelege fakultet. Den administrative forankringa ligg til Det humanistiske fakultet.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av

Formidlingsavdelingen



## Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

## Faglig verksemd

Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det juridiske fakultet

### Demokrati og rettsstat er ei viktig satsing for fakultetet i ei tid med omorganisering og styrking av forskinga.

Fakultetet har i 2007 lagt vekt på å sikre tilstrekkeleg fagleg breidde i forskinga til at fakultetet kan gje forskingsbasert undervising i alle sentrale fag på studiet. Vidare har fakultetet prioritert å arbeide for å styrke finansieringsgrunnlaget for fakultetet si verksemd. Dette skjer mellom anna gjennom vidareføring av Krafttaket for juridisk forskning, som er etablert



(Foto: Paul Sigve Amundsen.)

i samarbeid med dei juridiske fakulteta i Oslo og Tromsø, Justisdepartementet og Noregs Forskningsråd, samt ved målretta arbeid med sikte på å utvikle fleire eksterntfinansierte forskingsprosjekt.

#### Forskarskolen i gang

I 2007 vedtok universitetsstyret å innføre Demokrati og Rettsstat som satsingsområde ved Universitetet i Bergen. Det juridiske fakultetet er blitt bede om å koordinere den tverrfaglege satsinga på dette området. Arbeidet vil bli leia av oppnemnd koordinator samt eit programstyre som vil vere samansett av medlemmar frå Det juridiske fakultet, Det samfunnsvitenskaplege fakultet, Det humanistisk fakultet og randsona. Fakultetet har store forventningar til at denne satsinga vil styrke rettsvitenskapleg forskning innafor satsingsområdet, ikkje minst i form av deltaking i fleirfagleg forskingssamarbeid.

Fakultetet har i 2007 gjennomført det første heile året med forskarutdanning under forskarskolen i rettsvitenskap som starta opp hausten 2006.

#### Høg gjennomstrømming

Den nye studieordninga gjekk inn i det femte året haustsemesteret 2007. Dei fleste overgangskulla med studentar som har eit spesialtilpassa opplegg, er no ferdige, og det er no berre enkeltstudentar att. Siste høve til eksamen etter gamal studieordning var våren 2007 og cand.jur-ordninga er såleis avvikla.

Studentane ved fakultetet scorar relativt høgt på alle måleparametrar for gjennomstrømming: studiepoengsproduksjon per registrerte student (49,8), ferdige kandidatar på masternivå (255) og utvekslingsstudentar (158).

Fakultetet har i 2007 vedteke ein framdriftsplan for elektronisk innlevering av obligatoriske oppgåver. Våren 2007 blei dette testa ut på 4. studieår og frå og med hausten 2007 innført på 1. studieår. Hausten 2007 blei masteroppgåvene for første gong innlevert elektronisk.

Ei reformering av valemna på masterdelen av studiet er i gang. Valemna er i dag på anten 15 eller 30 studiepoeng. Emna skal no gjerast om til modular på 10sp+20sp eller 10sp+10sp+10sp med meir fordjuping for kvar del. Dei nye modulariserte emna vil være klare frå og med hausten 2008.

NOKUT reviderte i 2007 akkrediteringa av mastergradsstudiet i rettsvitenskap, og styret for NOKUT vedtok at fakultetet tilfredsstillt akkrediteringskrav for dette studiet.

#### Forskargruppene reorganiserte

I 2007 er det også starta opp arbeid med reorganisering av fakultetet sine forskargrupper, mellom anna med sikte på å styrke gruppene sin funksjon som arena for forskingsaktivitet og forskingssamarbeid.

Fakultetet har vedteke ein [handlingsplan for internasjonisering](#) og ein for [kjønnsbalanse](#).

Fakultetet har gjennomført ei omfattande utgreiing om normering av arbeidstid for vitenskaplege tilsette og vedteke nye normeringstal for undervising og andre gjeremål.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen - Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av  
Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat


Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

### Fakultetet har fått mykje positiv merksemd for både forskinga og studietilbodda i året som gjekk.

Etter to tiår med vitenskapleg innsats for å dokumentera klimaendringar og samanhengen mellom menneskelege aktivitetar og global oppvarming, fekk FNs klimapanel Nobels fredspris i 2007 saman med tidlegare visepresident i USA, Al Gore jr.



Ved bruk av ein kjernetakar vert verdifulle sediment henta opp frå havbotnen. Slike prøver kan avdekke tidlegare aktivitet som har funne stad i djuphavet fleire tusen år tilbake i tid. Prøvene kan også verta nytta til å undersøke djupbiosfæren under havbotnen. (Foto: Elinor Bartle).

Bjerknessenteret har som eitt av fire forskingssentra i Europa og einaste i Norden levert klimasimuleringar til rapporten, inkludert scenario for

klimautviklinga mellom 1850 og 2100. Dagleg leiar ved Bjerknessenteret, Eystein Jansen, er ein av 20 forskarar verda over som koordinerte det vitenskaplege grunnlaget for denne rapporten. Han hadde ansvaret for å koordinera kapittelet om fortidsklima. Ein annan sentral forfattar er forskarkollega Christoph Heinze ved Bjerknessenteret og Geofysisk institutt.

#### Nytt senter for framifrå forskning

I 2007 vart Senter for geobiologi oppretta ved Universitetet i Bergen. Senteret er eit nasjonalt senter for framifrå forskning (SFF) og er det tredje SFF tilknytt MN. Senter for geobiologi er eit samarbeid mellom Institutt for geovitenskap og Institutt for biologi. Forskingsområda inkluderar økosystem ved varme og kalde kjelder, geodynamikk i djuphavet, samspelet mellom vatn, bergartar og mikrobar, den djupe biosfæren, livets røter og biosignaturar, samt jorda si urtid. Geobiologi er eit relativt nytt forskingsområde, og ei viktig oppgåve for senteret blir å utdanna forskarar med ny og unik kompetanse i kryssingsfeltet mellom biologi og geologi.

#### Vinnar av Kunnskapsdepartementet sin utdanningskvalitetspris



Studiesjef Elisabeth Müller Lysebo og visedekan for undervising Rein Aasland tar imot prisen frå statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Per Botolf Maurseth. (Foto: Bjørn Erik Rygg Lunde).

MN (saman med sine systerfakultet frå UiO, NTNU og UiT) vann Kunnskapsdepartementet sin årlege utdanningskvalitetspris for å ha betra gjennomføringa på masterutdanninga i realfag. Prisen vart delt ut under NOKUT-konferansen i Bodø 2. mai 2007. Prispengane på 500.000 kr vart fordelt mellom dei fire institusjonane.

#### Vinnar av Ugleprisen

Saman med Det juridiske fakultet vann MN årets Uglepris for godt studiekvalitets- og utviklingsarbeid ved UiB. Rein Aasland mottok prisen på 150.000 kr under ei offisiell prisutdeling den 19. februar.

#### Matematikk-rekord

Heile 418 studentar bestod hausten 2007 eitt av dei to grunneinna i matematikk ved Universitetet i Bergen, og dette er ny rekord. Strykprosenten var 11 prosent. Til samanlikning vart det i 1999 bestått 194 eksamen i dei to emna.

#### John Birks og UiB på verdstoppen i siteringar innan geofag

*The Institute for Scientific Information* har rangert (innan geofag) verdas forskarar, universitet og geoinstitusjonar i høve til *Citations* og *Citation Impact* for perioden 1996-2007. Her kjem Professor Harry John Betteley Birks ved Institutt for biologi på ein imponerende 6. plass. UiB er nr 22 (nr 5 i Europa) i *Citations* og best i Europa - og nr 6 globalt - når det gjeld *Citation Impact*. [Meir informasjon]



## Science- og Nature artiklar

- **Furnes H.**, De Wit M., Staudigel H., Rosing M. & Muehlenbachs K. 2007. A Vestige of Earth's Oldest Ophiolite. *Science*, 315, 1704-1707.
- **Furnes H.**, De Wit M., Staudigel H., Rosing M. & Muehlenbachs K., 2007. Response to Comments on "A Vestige of Earth's Oldest Ophiolite". *Science*, 318, 746.
- **Jørgensen C.**, **K Enberg**, **ES Dunlop**, R Arlinghaus, **DS Boukal**, K Brander, B Ernande, A Gardmark, F Johnston, S Matsumura, H Pardoe, K Raab, A Silva, A Vainikka, U Dieckmann, **M Heino** & AD Rijnsdorp 2007. Ecology: managing evolving fish stocks. *Science*, 318: 1247-1248
- **Kleiven H.F.**, Kissel C., Laj C., **Ninnemann U.S.**, Richter T.O. & Cortijo E., 2007 (publisert online 6 Desember 2007 (10.1126/Science.1148924). Reduced North Atlantic Deep Water Coeval with the Glacial Lake Agassiz Fresh Water Outburst *Science*, 319, 60, (2008).
- Lynch-Stieglitz & 17 andre (**Dokken, T.**, **Ninnemann U.**), 2007. Atlantic meridional overturning circulation during the last Glacial Maximum. *Science*, 316, 66-69.
- Putnam NH. & 19 andre (**Genikhovich G**, **Technau U**), (2007). Sea Anemone Genome Reveals Ancestral Eumetazoan Gene Repertoire and Genomic Organization. *Science*, 317(86).
- Riebesell, U & 10 andre (**Bellerby, R.G.J.**, **C. Neill**, **G. Nondal**), 2007. Enhanced biological carbon consumption in a high CO<sub>2</sub> ocean. *Nature*, 450, 545-548.
- Talling R.J. & 12 andre (**Zuhsdorff C.**), 2007. Onset of submarine debris flow deposition far from original giant landslide. *Nature*, 450, 541-544.
- **Telford, RJ**, **V Vandvik** & **HJB Birks** 2007. Response to comment on "Dispersal limitations matter for microbial morphospecies" *Science*, 316: 1124



Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det medisinske fakultet

### Fakultetssamanslåing gjev grunnlag for faglege løft

Samanslutningsprosessen med Det odontologiske fakultet vart gjennomført på ein konstruktiv og positiv måte. Mange av fagmiljøa ved fakultetet kjem til å dra god nytte av samlinga i ein sterk organisasjon. Det er lagt eit godt grunnlag for å utvikle faglege synergjar mellom fleire fagmiljø og på tvers av etablerte samarbeid.



(Foto: Paul-Erik Rosenbaum.)

#### Gode evalueringer og etablering av nye studieprogram

Fakultetet vart evaluert av NOKUT i 2006 og fekk gode skussmål i sluttrapporten som kom i 2007. Både studiekvalitet og læringsmiljø er høgt prioritert. Fakultetet skal følgje opp ein del av tilbakemeldingane frå NOKUT, og det er satt inn ressursar for å styrke utdanningsprogramma ytterlegare.

UiBs studieprogram innan ernæring og farmasi er svært relevante for fakultetets forskings- og utdanningsprofil. Mange fagmiljø og personar er involvert i arbeidet med desse studieprogramma og difor er det ekstra gledeleg at det vert etablert eit masterstudium i klinisk ernæring med berekna første opptak hausten 2008.

Fakultetet sette ny rekord i avlagde doktorgrader med heile 55 kandidatar, og mastergradskandidat nr 100 i fysioterapi avla eksamen i løpet av året.

#### Nordisk senter of Excellence innan ernæring

I 2007 vart fagmiljø ved Institutt for indremedisin tildelt status som "Nordic center of Excellence" i ernæringsrelatert forskning. Senteret er etablert med mange sterke internasjonale samarbeidspartnarar og har allereie fått gode tilbakemeldingar.

#### Vidareført FUGE-satsing

Fakultetet sine tre satsingar innan FUGE-plattformane Norwegian Proteomics Consortium (Nor-Proteomics) in Norwegian Molecular Imaging Consortium (Nor-MIC) og Norwegian Micro Array Consortium (NMC) kom særst godt ut i evalueringa av FUGE I, og vart alle vidareførte under FUGE II. Koordiantoransvaret for Nor-proteomics og Nor-MIC konsortia vart baa lagt til UiB. Det totale budsjettet for alle MOF sine satsingar innan FUGE II frå 2008 til 2011 er på 102 millionar kroner, derav 29 millionar i støtte frå NFR.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av

Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat


Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det odontologiske fakultet

**I 2007 vart det gjort omfattande førebuingar til samanslåinga av Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet, og til utskiljinga av klinikken til eiga eining under universitetsdirektøren.**

Proessen, som vart fullført innan nyttår, vart leia av en prosjektorganisasjon med medlemmer frå begge fakulteta, oppnemnd av UiB og leia av Nina Mevold. Mot slutten av året vart ho tilsett som fakultetsdirektør på det samanslutta fakultet. Både tilsette og studentar ved engasjerte og deltok i møteverksemda framfor samanslåinga. Då Det medisinsk-odontologiske fakultet og Odontologisk klinikk var etablert ved nyttår var det basert på et omfattande og ressurskrevjande arbeid der ei rekke tilsette vart omplassert i ny stillingsstruktur, og der utlyste stillingar delvis vart besett av nye personar.



(Foto: Paul-Erik Rosenbaum.)

### NOKUT-evaluering

Fakultetet si mastergradsutdanning (tannlegeutdanninga) og forskarutdanning vart i løpet av året evaluert av NOKUT med tanke på reakkreditering. Proessen var svært omfattande og inkluderte ei sjølvevaluering og eit dagars besøk av ein sakkynndig komité der tilsette og studentar vart intervjuet og lokala inspisert. Komiteens rapportar kom i august. Evalueringa av forskarutdanninga var svært positiv. Også tannlegeutdanninga fekk god omtale, men med nokre forslag til forbetringar, spesielt om den kliniske undervisninga. I begge rapportane kom det likevel fram ganske sterk kritikk av de bygningsmessige tilhøva. Desse vart karakterisert som å vere eit trugsmål mot kvaliteten på utdanninga og arbeidsmiljøet for tilsette og studentar. I november leverte NOKUT si formelle reakkreditering av begge utdanningane.

### Bygg og lokale

I tillegg til at NOKUT kritiserte kvaliteten på bygg og lokale, kom Bedriftshelsetenesta (BHT) i haustsemesteret med eit notat om arbeidsmiljøutfordringar ved bygget i Årstadveien 17. Notatet konkluderte med nokre anbefalingar om akutt-tiltak, og dessutan vart det foreslått å redusere aktiviteten i bygget i påvente av nytt bygg. Disse signala kom om lag samtidig med at statsbudsjettet for 2008 vart lagd fram utan løyving til nytt odontologibygget. Det resulterte i en rekke diskusjonar mellom UiB og styresmaktene, med universitetsleiinga som aktive pådrivarar, og dette førte til at statsråd Aasland i november besøkte fakultetet og tok det gamle bygget i augesyn. Saka fekk stor merksemd i media, der statsråden slo fast at odontologibygget står øvst på Kunnskapsdepartementet si prioriteringsliste for nye bygg. I kjølvatnet av desse hendingane var fakultetet i dialog med universitetsleiinga om ein del bygningsmessige strakstiltak. Planlegging av ei rehabilitering av dei lokala som er forbunde med de største arbeidsmiljømessige utfordringane (propedeutisk laboratorium og studentklinikken), kom også i gang. Det var også semje om en viss reduksjon av utdanningskapasiteten i tida frem til nytt bygg står ferdig.



© 2008 Universitetet i Bergen  
 Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43  
 Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av  
 Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat


Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det psykologiske fakultet

### Satsing på forskarskular og rekruttering har resultert i fleire utmerkingar til unge forskarar frå fakultetet i året som gjekk.

Fakultetet har dei siste åra vore prega av sterk vekst i studietilbodet og har difor i utdanningsstrategien for inneverande periode vedteke å legge hovudvekt på konsolidering av studieprogram og evaluering av porteføljen framfor etablering av nye tilbod.



(Foto: Paul-Erik Rosenbaum.)

I samband med innføringa av ny organisasjonsform har det vore sterkt fokus på innarbeiding av ny styringsstruktur på utdanningssida. Mellom anna har nye mandat og funksjonsbeskrivingar for programstyra og programleiarfunksjonar blitt vedteke og sette i verk. Dette er eit viktig arbeid som vil først vidare i 2008.

#### Godt forskningssamarbeid

Fakultetet har i 2007 også byrja arbeidet med å leggje til rette for samanhengande tid til forskning. Som eit første steg er det gjennomført ei kartlegging og normsetjing av undervisningsrelaterte oppgaver som skal danne grunnlag for å organisere verksemda slik at den einskilde skal få rom til å forske i lengre periodar.

Fakultetet har i 2007 arbeidd aktivt med forskingsgruppeetablering, og alle vitenskapleg tilsette er knytt til ei forskingsgruppe. Scientific Advisory Committees, SAC, er etablert for alle gruppene, og desse skal bidra med tilbakemeldingar på strategival, rettleiing og å styrke internasjonale kontaktar og nettverk. Fleire av dei etablerte forskingsgruppene har dei seinare åra luktast bra i å få eksterne midlar frå både lokale, nasjonale og internasjonale kjelder, ofte i felles prosjekt med andre institusjonar, fakultet og i samarbeid med helseføretak i regionen.

#### Opna ny forskarskule

Forskerskulen Graduate School in Clinical and Individual Psychology vart offisielt opna i 2007. I tillegg fekk fakultetet støtte frå Noregs forskingsråd til etablering av den fjerde forskarskulen ved fakultetet, WNGER (Western Norway Graduate School of Educational Research) der det tematiske fokus er problemstillingar med relevans for pedagogisk praksis i vid forstand. Satsinga er ei oppfølging av den nasjonale fagevalueringa av pedagogikk og er eit samarbeidsprosjekt mellom Det psykologiske fakultet, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Sogn og Fjordane og Norsk Lærarakademi.

#### Rekruttering og karriereveggar

Gode rekrutteringsstrategiar er høgt prioritert. Studentar med særleg talent og interesse kan få forskarerfaring gjennom stipend der arbeidet fører fram til publikasjonar. Det vert også lagt til rette for at master- og hovudoppgåve kan publiserast og brukast som del av doktorgrad. Stipendiatane har alle solid forankring i forskingsgruppene, og fakultetet har satsa mykje på å etablere klare karriereveggar for dei mest lovande doktorgradskandidatane ved å etablere post.doc.-stillingar.

Ein av fakultetet sine forskarar, Karsten Specht, blei i 2007 tatt opp i Bergens forskingsstiftelse sitt rekrutteringsprogram for unge framifrå forskarar med ei tildeling for fire år der målet er å bygge opp ei forskargruppe av internasjonalt format. Ein annan av fakultetet sine tilsette, Arnstein Mykletun, mottok ein av to Meltzerprisar for framifrå yngre forskarar. Han disputerte hausten 2006, og har allereie ei imponerende forskargjerning bak seg. Vidare vart postdoktor Børge Sivertsen tildelt Extra-prisen



Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Det samfunnsvitenskaplege fakultet

### Fakultetet si ekspertise på informasjons- og medievitenskap trekkjer til seg flinke studentar og opnar for allmenn formidling.

Det samfunnsvitenskaplege fakultetet har som ei hovudoppgåve å tilby forskingsbasert utdanning. Fakultetet legg til rette for internasjonalsisering av studia gjennom utvekslingsavtalar som er basert på forskingsnettverk. Dette har ført til at mange utanlandske studentar studerer ved vårt fakultet og mange av våre studentar får høve til utanlandsopphald som del av studiet. På dette feltet hevdar SV-fakultetet i Bergen seg mellom dei fremste i landet.



(Foto: Birte Svendsen.)

Eit godt studentmiljø treng også aktive og engasjerte studentar. SV-fakultetet har studentar som med sterkt engasjement påverkar studiesituasjonen. Studentutvalet og Studentanes arbeidslivsutval er drivkrefter i dette arbeidet.

Grunnlaget for eit godt læringsmiljø og internasjonal orientering ligg i ein solid forskingsaktivitet. God forskning kan organiserast i disiplinære institutt eller i tverrfaglege miljø som er tematisk organisert. Eit særtrekk ved SV-fakultetet er det store instituttet for informasjons- og medievitenskap. I 2007 vart dette fagmiljøet evaluert.

#### Gode resultat etter instituttsamanslåing

Det største instituttet ved fakultetet, Institutt for informasjons- og medievitenskap, vart til i 2003 etter samanslåing av to institutt. Det faglege målet var å sameina forskning om IKT og media for å forstå grunnleggjande sosiale og kulturelle endringar i samfunnet. Denne ambisjonen har prega det nye instituttet sine satsingar innan forskning, undervising og formidling i den første fireårsperioden.

Forskninga ved instituttet er vidfemnande og har dei siste åra markert seg sterkt på fleire område. To prosjekt kom til finalerunden i den seinaste utlysinga av Senter for framifrå forskning: eitt om e-læring (ITELL) og eitt om digitalisering av kulturelle produkt (DIGICULT). Båe vert vidareførte dei komande tre åra med lokale løyvingar. Eit prosjekt om korleis digitaliseringa skapar nye vilkår for resepsjon av film og andre visuelle uttrykk, har fått finansiering frå Bergens forskningsstiftelse til å etablere eit nytt forskingssenter ved instituttet. Prosjektet *Norsk fotohistorie* vart nominert til Brageprisen i 2007. Instituttet har ei rad andre prosjekt, og talet på eksternt finansierte stipendiatar har auka mykje dei siste åra. Stiftinga Fritt Ord finansierer eit 5-årig gjesteprofessorat som gjer det mogleg å knytte internasjonalt leiande forskarar innan yringsfridom til instituttet i lengre og kortare periodar.

#### Viktig formidling

Instituttet tilbyr 8 bachelorprogram og 2 masterprogram. Instituttet gjev òg bidrag til eksterne studieprogram. Den tverrfaglege satsinga viser seg særleg i dei nye programma i Journalistikk, Nye media, og Film- og TV-produksjon. Desse studia ligg tett på den informasjonsteknologiske utviklinga både teoretisk og praktisk, og dei har tydelege innslag av arbeid med produksjon for digitale medium. Programma har mange søkjarar, og dei studentane som vert tekne opp, har eit svært høgt karakternivå.

Instituttet legg stor vekt på formidling. Heile tre tilsette ved instituttet har faste spalter i riksdekkande aviser. Eit resultat av satsinga dei seinare åra er instituttet sitt eige nettmagasin VoxPublica, som spesielt retter merksemda mot demokrati og yringsfridom. Nettmagasinet publiserer bidrag både frå tilsette og eksterne, og også utvalde studentarbeid.

I tida frametter vil instituttet satsa på nokre nye felt for å utdjupe og vidareføra det tverrfaglege arbeidet, mellom anna tilhøvet mellom utviklinga av teknologiske standardar på verdsveven og endringar i medielandskapet, journalistikk og informasjonsarbeid i høve til nye medium, og multimediehandtering.



### Nytt stort forskningsprosjekt

I 2007 starta eit stort prosjekt som skal evaluera NAV-reforma. Dette er ei av dei største reformene nokon gong i norsk forvaltning. Reforma skal gje ei meir samordna og effektiv velferdsforvaltning i Noreg – på tvers av tenesteområde og styringsnivå. Målsetjingane omfattar mellom anna å få fleire i arbeid, hindra at mange vert stønadsmottakarar i lang tid, og få velferdstenester som er betre tilpassa dei einskilde brukarane sine behov. NAV-reforma er først og fremst ei *forvaltingsreform*. Det er meininga at ein skal nå måla i hovudsak gjennom organisering og organisatoriske endringar. Tiltaksapparatet i velferdsstaten er i liten grad omfatta av reforma.

Eit konsortium leia frå Rökkansenteret ved Universitetet i Bergen har fått i oppdrag frå Noregs forskingsråd å evaluera NAV-reforma. Evalueringa skal få fram dei samla styrings- og systemkonsekvensane av ei så omfattande reform som denne. I evalueringa skal ein analysere iverksetjingsprosessar på alle nivå i NAV-systemet, kartleggja dei organisatoriske løysingane på alle nivå, og studera organisatoriske utfordringar både lokalt, regionalt og sentralt. Evalueringa tek også opp yrkesroller og utdanningstilbod i endring. Effektane av reforma på arbeidsmarknaden, på kor tilfredse brukarane er og på effektiviteten i tenesteproduksjonen, vert kartlagde og analyserte. Samla vil evalueringa gje mykje kunnskap både om prosessane då NAV vart etablert og om resultat og implikasjonar av reforma. Evalueringa starta hausten 2007 og skal vera ferdig i 2013.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Universitetsbiblioteket

**Auka tilgang til elektroniske kjelder, og oppbygging av læringscenter, gjer at biblioteket sine samla ressursar blir stadig meir brukt av både studentar og forskarar.**

Universitetsbiblioteket i tal				
	2006	2007	Endring 2006-2007	Endring i prosent
Lån av fysiske dokument	384 100	353 300	-30 800	-8,0
Nedlastingar av elektroniske fulltekstdokument ("elektroniske lån")	888 300	1 151 400	263 100	29,6
Sum fysiske lån + nedlastingar, viser samla bruk av UB sine samlingar/fulltekstressursar	1 272 400	1 504 700	232 300	18,3
Publikumsbesøk	711 300	749 100	37 800	5,3
Utførte årsverk 1)	98,4	95,6	-2,8	-2,8
Reknskap (i 1 000 kr.) 2)	101 786,6	104 682,4	2 895,8	2,8
Ordinær tilvekst trykte bøker og tidsskrift (i band)	24 600	21 640	-2 960	-12,0
Tilvekst elektroniske bøker mv. (i band)	7 900	8 200	300	3,8
Løpande tidsskriftabonnement (unike titlar) 3)	16 002	16 400	398	2,5
Trykte abonnement	6 995	4 740	-2 255	-32,2
Elektroniske abonnement	11 770	13 100	1 330	11,3
Bestand bøker og tidsskrift (i band)	1 765 800	1 781 700	15 900	0,9
Katalogisering/konvertering	43 975	37 600	-6 375	-14,5

1) Omfatter også ekstra engasjert personale på arbeidsmarknadstiltak mv.

2) Inkl. tilskot frå fakultet og frå Haukeland universitetssjukehus på 2,55 mill. kr. i 2006 og 2,75 mill. kr. i 2007.

3) For ein del tidsskrift har UB abonnement på både trykt og elektronisk utgåve. Summen av trykte og elektroniske abonnement er difor høgre enn talet på løpande tidsskriftabonnement.

### Det digitale biblioteket

Det viktigaste satsingsområdet for Universitetsbiblioteket dei siste åra har vore oppbygging av det digitale biblioteket. I 2007 har det serleg vore arbeidd med følgjande saker:

- Plan for overgang frå trykte til elektroniske informasjonsressursar 2005-2007 er gjennomført. Utgiftene til tilgang til elektroniske ressursar (e-tidsskrift, e-bøker og databasar) steig kraftig frå 14,4 mill. kr. i 2006 til 24,6 mill. i 2007, medan utgiftene til trykte tidsskrift vart reduserte frå 13,1 mill. kr. i 2006 til 5,7 mill. i 2007.
- Talet på vitenskaplege publikasjonar produserte ved UiB som er gjort tilgjengelege i det elektroniske institusjonelle publiseringsarkivet [BORA](#) har auka med 275 i 2007, slik at samla tal på dokument i BORA no er 1 735. The Webometrics Ranking of World Universities har rangert BORA som nr. 89 på ei liste over "[the top 200 Academic Repositories](#)" i verda. Ingen andre norske arkiv er komne med på lista.
- UB har arbeidd for at mest mogleg av forskingsresultata skal gjerast fritt tilgjengelege, både nasjonalt og internasjonalt. UB samarbeider på dette feltet m.a. med [NORA](#) (Norwegian Open Research Archive), [OAI](#) (Open Archives Initiative) og med Universitets- og høgskolerådet sitt bibliotekutval.
- Digitalisering og publisering av eldre verdfulle samlingar på Internett har halde fram. Mellom anna er 1 400 bilete og 1 100 manuskript og diplom digitaliserte. Prosjekta "Kvinner i arbeidslivet", "Ferdige mens De venter" frå Landsutstillingen 1928 og "Sverre og Astri" er alle viktige delar av n ettportalen "[Mellomkrigstid](#)", som skal gjere tilgjengeleg ulike lokale dokumentsamlingar frå ABM-sektoren.
- Dei siste åra har bruken av elektroniske ressursar auka kraftig. Nedlastingar frå nettet av elektroniske fulltekstdokument som UB abonnerer på, erstattar i stigande grad fysiske lån. Talet på slike nedlastingar steig frå 890.000 i 2006 til 1,15 mill. i 2007. I løpet av femårsperioden 2002-2007 er talet på nedlastingar femdobla. I same periode har tala på fysiske lån halde seg relativt stabile rundt 350-380 000. Dermed vart det også i 2007 ein sterk auke i bruken av UB sine samla litteraturressursar (både trykte og elektroniske), frå 1,27 mill. i 2006 til 1,5 mill. i 2007, dvs. ein auke på 18,3 prosent.
- Talet på besøk ved UB sine avdelingar steig og merkbar frå 711 000 i 2006 til 750 000 i 2007. Sidan 2002 har besøkstala auka med om lag

72 prosent. Alt tyder på at etablering og oppbygging av læringscenter ved UB har bidrege mykje til denne utviklinga.

### Effektiv ressursutnytting

UB har dei siste åra arbeidd målmedvete for å halde oppe kvaliteten på samlingar og tenester, og for å utnytte ressursane best mogleg.



(Foto: Paul-Erik Rosenbaum.)

I fleire år har det på mange område vore ein stor auke i aktiviteten, både når det gjeld bruk av UB sine tenester (lån, elektroniske ressursar osv.) og besøk i biblioteket. Ved at det parallelt med dette er tatt i bruk elektroniske tenester og ressursar, og at det er gjennomført andre effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak, har det vore mogleg å gjennomføre den store aktivitetsauken utan

nokon auke i personalressursane. Lønsutgiftene ved UB er haldne på om lag same realnivå dei siste åra, medan det meste av budsjettstyrkinga UB har fått har gått til mediekjøp. I 2003 brukte UB om lag 23,4 mill. kr. til mediekjøp og 38,6 mill. til løn, dvs at mediebudsjettet utgjorde 61 prosent av lønsbudsjettet. I 2007 brukte UB om lag 34 mill. kr. til mediekjøp og 41,8 mill. til løn, dvs at mediebudsjettet dette året utgjorde vel 81 prosent av lønsbudsjettet.

### Omorganisering

I 2007 vart det vedteke omorganiseringar som fekk konsekvensar for ein del avdelingar ved UB: Det historisk-filosofiske og Det samfunnsvitskaplege fakultetsbiblioteket blei samla til ei avdeling under namnet Bibliotek for samfunnsvitskap og humaniora, og med ein felles leiar. Biletsamlinga og spesialsamlingane blei òg samla til éi avdeling under namnet Avdeling for spesialsamlingar, og med ein felles leiar. Den nye avdelinga for spesialsamlingar har i tillegg fått ansvaret for drift av UB sitt depotmagasin i Stein Rokkans hus. Dei andre publikumsavdelingane ved UB har fått nye namn. UB har dessutan halde fram arbeidet med betre koordinering av aktiviteten mellom avdelingane.

### Kompetanseheving

I samarbeid med biblioteka ved Høgskolen i Bergen og NHH har UB dei siste åra arbeidd mykje med å utvikle undervisningsopplegg i informasjonskompetanse for studentane. Det er lagt stor vekt på å få i stand eit nært samarbeid med fagmiljøa på dette feltet. Eit resultat av dette arbeidet er det nettbaserte kurset [Søk & Skriv](#), som skal hjelpe studentane til å kome i gang med og gjennomføre søke- og skriveprosessen i samband med oppgåveskriving.

UB satsar òg systematisk på kompetanseheving for dei tilsette. Mellom anna er det gjennomført større kurs i informasjonskompetanse og i kommunikasjon. I tillegg har ein stor del av dei tilsette delteke i studieturar, konferansar, seminar og ulike opplæringsstiltak.



© 2008 Universitetet i Bergen

Adresse: Postboks 7800, 5020 Bergen -Tlf.: +47 55 58 00 00, Fax: +47 55 58 96 43

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren. Utviklet og vedlikeholdt av Formidlingsavdelingen

Startside

Årsmeldingsarkiv

UiB 2007

 Forord  
 Utdanning  
 Forsking  
 Formidling  
 Likestilling  
 Bygg og anlegg  
 Resultat

Faglig verksemd

 Humaniora  
 Juss  
 Mat.Nat.  
 Medisin  
 Odontologi  
 Psykologi  
 Samfunnsvitenskap  
 Bibliotek  
 Bergen Museum

## Bergen Museum

### Fleire besøkande og internasjonal formidlingspris er høgdepunkt frå året som gjekk.

I 2007 fann over 67 000 besøkande vegen til Bergen Museum, som er ein auke på over 10 000 samanlikna med året før. I tillegg kjem det store talet som vitjar Botanisk Hage og Arboretet på Milde. Fleire publikumsarrangement og utvida skuleprogram er nokre av årsakene til denne publikumsauken. Amanuensis Øystein Jansen var tildelt Toffenprisen 2007, ein pris delt ut av Norsk Geologisk Foreining. Prisen gjekk for innsatsen han har gjort for å formidle og popularisere geologisk forskning. I tillegg vann MAR-ECO- prosjektet den prestisjefylte Descartesprisen, som er EU sin pris for framifrå forskingsformidling.



(Foto: Magnus Vabø)

#### Viktig formidling

Det vart i løpet av året presentert to nye, eigenproduserte utstillingar. *Teatrets illusjon* opna i mai og viser utviklinga av den bergenske teaterscenografien fram til dag mellom anna ved teatermodellar og kostymer frå Den Nationale Scene. Utstillinga *Strikk* opna i desember og syner korleis mønster og teknikk er utført på ulike måtar i trøyer, luer og strømpor henta frå museets sine samlingar.

Museet hadde i 2007 to eigenproduserte utstillingar på vandring til visningsstader i utlandet. Utstillinga 100 år i kunsthåndverkets og dokumentasjonens tjeneste som opna i februar på Ciurlionis National Museum of Art i Kaunas i Litauen. Denne utstillinga er ein hyllest til det arbeidet Miranda Bødtker gjorde med botaniske illustrasjonar og ulike andre dokumentasjonsmåtar på Bergen Museum.

I mars opna den endelege versjonen av den internasjonale vandreutstillinga *Deeper than Light* i UNESCO sitt hovudkvarter i Paris. Utstillinga byggjer på MAR-ECO prosjektet og har fått stor internasjonal merksemd. Den er ei utstilling som viser både ulike djuphavsorganismar, biletkunst, foto, teikningar, film, modellar og ulike audio-visuelle presentasjonar. I løpet av 2007 vitja også utstillinga Porto og Essen, og ho vil vandre vidare til ulike land i fleire år framover.

Det er dei siste åra utvikla ei rekkje nettutstillingar ved Bergen Museum. På nettadressa [bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/](http://bergenmuseum.uib.no/nettutstillinger/alle/) er det nå mogleg å hente fram 14 ulike nettutstillingar. Fleire av desse er reine nettutstillingar der nokre tek utgangspunkt i forskingsprosjekt ved museet. Andre nettutstillingar byggjer på eksisterande utstillingar som finst i museet.

#### Sterk auke i publikumsarrangement

I 2007 hadde museet mellom anna 3 innlånte vandreutstillingar: *Carl Nielsen 1885 – 1931*; ei plakattstilling om den danske fiolinisten, dirigenten og komponisten i samarbeid med Festspillene i Bergen, *Fossil Art*; ei utstilling av avstøypingar av naturlege fossil og *Once upon a time*, ei fotoutstilling om natur, dyreliv og landskap i Antarktis.

Talet på skuleomvisingar representerte i 2007 ei dobling samanlikna med 2005. Museet gjev no tilbod på rundt 20 ulike undervisningsopplegg innanfor både natur- og kulturhistorie. Talet på publikumsarrangement har auka sterkt dei siste åra der det totalt blei gjennomført 27 ulike publikumsarrangement i 2007. Fleire av arrangementa er retta mot familiar og blir arrangert kvart år slik som *Safari i mørke*, *Arkeologisk dag*, *Insektlaboratorium*, *Arboretets Dag*, *Vår i Muséhagen*, *Valborgsmesse*, *Fuglenes Dag*, *Kultursøndag*, *Halloween*, *Steindagen*, *Inn i varmen* og *Filmforum-Bergen*. I tillegg kjem ei rekkje meir enkeltståande tiltak slik som arrangementet *Kalde spor mot ei varmare framtid*, som vart gjennomført i samband med Forskingsdagane og Polaråret og med særskilt støtte frå Forskningsrådet.

#### Forskingsatsing på Stillehavet

Forskinga ved Bergen Museum er mangfaldig og spenner over kulturhistoriske og naturhistoriske fagfelt. Det har vore ein auke i tal på vitenskaplege publikasjonar, og mange av dei vitenskaplege samlingane har hatt stor utlånsaktivitet og besøk av

Innanfor Dei kulturhistoriske samlingane blir det forska innanfor fagområda arkeologi, antropologi og kunst- og kulturhistorie. Med utgangspunkt i *Bergen Research Group in Pacific Studies* har Bergen Museum i samarbeid med Sosialantropologisk institutt og kollegaer frå University of Hawai'i, James Cook University i Townsville, Australia og British Museum sett i gong eit nytt forskingsprosjekt kalla Cultural Heritage and Political Innovation in the Pacific Islands. Dette er eit fleirfagleg prosjekt der forskarar frå sosialantropologi, arkeologi og statsvitskap skal utforske tilhøvet mellom kulturarv og nye politiske former på Stillehavssøyane, med utgangspunkt i Salomonøyane og Vanuatu. Ei hovudoppgåve i dette prosjektet er å studere korleis ulike kulturarv responderar på globaliseringsprosessar. Eit viktig mål er dessutan å gjere Universitetet i Bergen til ein netverksstad for Stillehavsstudier og få etablert her ein versjon av "Pacific Manuscript Bureau". Dette er eit arkiv der ein finn kopiar og mikrofilm av alt historisk, skriftleg materiale frå Stillehavet. Dette kan til dømes vere misjonærtekstar, skipsloggar, reiseskildringar og liknande. Prosjektet vil utvikle interaktive, virtuelle rom for museumsgjenstandar. I eit pilotprosjekt vil gjenstandar, i første omgang frå Vanuatu og Salomonøyane, bli skanna inn i 3D format og slik kunne nyttast av brukarar i dei aktuelle landa med tilgang til internett. Dette er ei alternativ form for repatriering av gjenstandar, der folk sjølve kan ta del og avgjere meininga med gjenstanden.

Forskningsrådet har tildelt prosjektet 10 mill kroner, dette er den største tildelinga som nokon gong har gått til eit antropologisk, instituttbasert prosjekt i Noreg.

Dei naturhistoriske samlingane omfattar fagområda botanikk, geologi og zoologi. Her arbeider mellom anna biologane med systematikk innan lav, insekt, marine krepsdyr og marine fisk, både ut frå eit morfologisk og et molekylærsystematisk perspektiv. Ved hjelp av DNA-analyse av fisken vortekjeks har forskarar ved Bergen Museum påvist at antatt ulike artar i realiteten var ulikt utsjåande hannar og hoar av same art. Forsking bygt på dei osteologiske samlingane avspeglar seg i publiserte artiklar om klima- og faunahistorie, mens forskning retta mot kulturlandskapet har gjeve artiklar om biologisk mangfald i slättenger og om jordbrukets historie.

#### **Opprusting av samlingane**

Mange av dei vitenskaplege samlingane har stor utlånsaktivitet. Det naturvitskaplege miljøet har mellom anna hatt gjesteforskarar frå utlandet for å utføre taksonomiske studiar ved samlingane, og det har vore stor interesse for marine organismar (blekksprut, manedyr, fisk) i samband med det internasjonale MAR-ECO-prosjektet. Dei osteologiske samlingane og fanerogam- og kryptogamherbaria har òg vore godt besøkt. Dei kulturhistoriske samlingane har hatt besøk av gjesteforskarar, og det er lånt ut materiale til forskings- og utstillingsformål i inn og utland og til bruk i bøker, tidskrift, utstillingar og liknande.

I 2007 blei det gjennomført ei kartlegging av alle samlingane i både magasin og utstillingar. Det blei sett på dei fysiske tilhøva som sikring og bevaring til bygning og rom, og på bevaringstilhøve for sjølve samlingane. Det blei òg anslått behov for konservering for dei ulike samlingane og dei delane av samlingane som er digitalisert. Det blei kartlagt 136 delar av samlingar i nesten like mange rom.

Arbeidet med å ta vare på og sikre samlingane vil halde fram vidare. Det blei utført ulikt arbeid i mange samlingar, slik som konservering, reinhald, ompakking, rydding, katalogisering og digitalisering. Mykje av dette arbeidet er utført av innleidd personell. Det er kjøpt inn nytt utstyr som fuktar, klimaloggar, kompaktmagasin mm. Det vil bli utført arbeid med å utbetre tilhøva i magasin- og utstillingslokala, slik som opprusting av elektrisk anlegg, maling av tak, veggar og golv, ny belysning, solskjerming mm.

Nye magasinlokale stod ferdig innreia i anlegget på Solhaug vinteren 2006/07. I løpet av året blei mesteparten av dei geologiske samlingane som ikkje er utstilt, flytta frå Museplass 3. Stein og tegl frå middelaldersamlinga blei flytta og katalogisert i dei nye lokala. Det same gjaldt for store delar av det resterande arkeologiske steinmateriale. Til dette arbeidet blei det òg nytta innleidd hjelp til både flytting og arbeid med de ulike samlingane.

Eit stort prosjekt som har vore utført er opprusting av Kvalsalen som no har fått nytt elektrisk anlegg, solskjerming på alle vindauger og nymåla golv og vegger. I tillegg er det gjort eit stort arbeid med å systematisere og oppdatere objekta og sette nye namn på norsk, latin og engelsk. Det er brukt innleidd hjelp til heile dette arbeidet.

